

REGULERINGSFØRESEGNER FOR DEL AV SYLTE (GANG OG SYKKEL VEG)

§1. PLANAVGRENSING:

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankart og føresegner.

§2. REGULERINGSBESTEMMELANE:

Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter.

Kommunen kan tillate unntak frå desse bestemmelsane innafor ramma av bestemmelsane i bygningslova og bygningsvedtektene når særlege grunnar talar for det.

Etter at desse føresegnen er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillat å inngå privatrettslige avtaler i strid med reguleringsføresegnene.

§3. BYGGEOMRÅDE:

1. BUSTADER.

- a. Frittliggende bustader med gesimshøgde maks. 6 meter.

Bygga skal ha mønetak. Takvinkel fra 27 til 35 grader.

For kvar einskilt bustad skal det vere plass for garasje og oppstillingsplass for minst 1 bil. Ved byggemelding av bustadhus skal det gå fram korleis plassering av garasje er tenkt, sjølv om garasje ikkje skal byggast samstundes med huset.

- b. Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstillere rimlege omsyn til estetisk gode uttrykk både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadane. Ein skal legge spesiell vekt på plassering (høgde og situasjon), takform og - vinkel, bygningsform, farge og materialbruk. Skjemmande fargar skal ikkje tillast og kan verte kravd endra.
- c. Ved utforming av nybygg skal kommunen legge særleg vekt på ein byggeskikk som tek omsyn til omsyn til ikringliggende bygningsmiljø. Ein skal legge spesielt vekt på plassering (høgde og situasjon), takform og - vinkel, bygningsform, farge og materialbruk.
- d. Byggegrenser er vist på plankartet.

2. FORSAMLINGSLOKALE.

Området er for bedehuset.

3. ALLMENNYTIGE FØREMÅL.

Eksisterende bygg skal inngå i planen.

§4. TRAFIKKOMRÅDE:

1. Køyreveg.
2. Gang og sykkelsti.
3. Anna veggrunn - teknisk anlegg.
4. Parkeringsområde.

§5. GRØNNSTRUKTUR:

Friområde/tursti: Området er regulert som friområde og skal nyttas som tursti. Stien skal være natursti og kan forsiktig tilretteleggast med fjerning av vegetasjon. Maks opparbeid bredde er sett til 1 meter.

§6. SPESIALOMRÅDE.

BYGNINGSVERN:

Desse reguleringsbestemmelsane gjeld for dei områda som er vist som verneområde og verna bygg. Verneområda og verna bygg.

1. Bygningar med arkitektoniske, kulturhistoriske eller miljømessige kvaliteter skal setjast i stand eller vedlikehaldast på ein slik måte at huset si utforming og sitt særpreg vert oppretthalde eller event. ført attende til tidligare utforming.
2. Bygningar med slike kvalitar som nemnt, og som pga. brann eller anna større skade må fjernast, kan ved oppattbyggig gjevast sin opprinnelege utvendige utsjånad med same materialbruk. Område og bygningar der denne bestemmelsen gjeld, er skravert på plankartet.
3. Bygg som går inn i ein samanheng som busetnad som har arkitektonisk eller miljømessige kvalitar, men som ikkje sjølv vert rekna under denne kategorien, skal dersom dei vert fornya eller reparert, tilpassast kringliggjande bygningsmiljø med omsyn til høgde, materialval, form og farge.
4. Nybygg og tilbygg i området skal tilpassast kringliggjande bygningsmiljø med omsyn til høgde, materialval, form og farge.
5. Utforming av gatebelegg, kantstein, forstøtningsmurar, gjerde, skilt, belysning og tilplanting bør skje med omsyn til stroket sin karakter.

§7. FELLESBESTEMMELSAR:

Etablering av verksemd, eller aktivitet innafør dei ulike reguleringsføremåla, som etter kommuna sitt skjønn kan gje ulike ulemper ved støy, røyk, lukt, trafikk, parkering m.v. er ikkje tillatt innafør området.

Ved utforming av nybygg etter brann eller rivning er holdninga til den arkitektoniske heilskapen i miljøet særleg viktig med omsyn til utforming av så vel hovodtrekk som detaljer i bygninga.

Bruksendring kan berre tillatast når dette vil styrke området sin karakter og bumiljø.

Valldal 12.01.2010 KV

" 18.01.2010 KV (revidert)